

## **FJELLTURAR MED TRIMPOSTAR I HORNINDAL**

Fjella og naturen i Hornindal eignar seg godt for turar både sommar og vinter. Fjelltoppane er lett tilgjengeleg. Dalen er omkransa av fine smådalar, ofte med fjellvatn. I tillegg finst det mange særtrar rundt om. Det er mange idyllar her.

Trimgruppa i Hornindal idrettslag har plassert ut 21 trimpostar rundt om på m.a særtrar og fjelltoppar. Postane ligg i varden eller i kasse ved turmålet. To av postane ligg ute berre i skisesongen. Her finn ein turar som passar dei fleste, dei som ikkje har gått så mykje i fjellet, for vande turgåarar og for alle aldersklassar. Nokre av postane ligg i låglandet, medan andre ligg på fjelltoppar. Enkelte av turane går på skogsveggar. Utan om skogsvegane går turane på tydleg rås. Turane er skilta. Ved startpunkt for enkelte turar er det plassert informasjonstavle med kart og skildring av turen. Om ein ønskjer kan ein vandre frå post til post. Nokre turar kan ein gå som rundtur.

### **FJELLTRIMMEN**

Knytt opp mot trimpostane er fjelltrimmen. Ved besøk på trimpostane får ein poeng. Ein får poeng for ei registrering på den enkelte post pr dag, Sesongen for fjelltrimmen er frå 11. 9-10.9 året etter. Dei som oppnår mest poeng i si klasse i løpet av sesongen vert premierte.

Fjelltrimmen er delt inn i 4 klassar. Jenter og gutar tom året for fylte 16 år, dameklasse og herreklasse.

Det er ikkje påmelding til fjelltrimmen. Dei som skriv seg i bøkene er med i konkurransen.

### **SUPERTRIMMEN-JUNIORTRIMMEN-SENIORTRIMMEN**

For å inspirere til turar har vi laga til eit tilbod som er kalla juniortrimmen, supertrimmen og seniortrimmen. Dei som fullfører får premie.

Skjema med informasjon og påmelding finn du sida.

### **TRIMPOSTAR OG POENG**

Kjøsahalsen 190 moh- 1 poeng

Middagsfjellet/Øyenibba 848 moh- 5 poeng

Vikasætra 320 moh- 1 poeng

Kyrkjhornssætra 370 moh- 1 poeng

Sætrehornet 852 moh- 4 poeng

Storehornet 1102 moh -6 poeng

Gulkoppen 1304 moh -10 poeng

Holskarsætra 600 moh- 2 poeng

Daurmålhornet 890 moh- 4 poeng

Litlekupa 782 moh- 2 poeng

Muldsvorhornet 940 moh -5 poeng

Blåvatnet 689 moh -2 poeng

Sandfjellet 1177 moh- 6 poeng

Tussen 848 moh- 2 poeng

Høgenibba 1191 moh- 8 poeng - 4 poeng om ei tek skitrekk

Kviven 860 moh 4 poeng

Otredalskaret 800 moh -5 poeng

Otredalssætra 400 moh- 2 poeng

Ytrehornsnakken 554 moh- 3 poeng

Vinterpost Storesætra 400 moh -1 poeng

Vinterpost Hornindalsætra 400 moh- 1 poeng

## **HORNINDAL RUNDT**

Fjell og ultraløpet «Hornindal Rundt» med distanse på 38km/75 km har utgangspunkt i fjelltrimpostane som er utplasserte. Løypa til 38 km løpet går innom dei 11 trimpostane som er plassert på sørsida av Hornindal, mens 75 km løpet går innom alle postane som er utplasserte. Info om løpet finn du på [www,honindalrundt.no](http://www.hornindalrundt.no). På denne sida finn du og kart der alle trimpostane er avmerkt.